

Skulereglar for Vestborg vidaregåande skule

§ 1 Føremål

Føremålet med skulereglane er å sikre at alle på skulen, både elevar, lærarar og føresette, har ei felles forståing av rettar og plikter i skulekvardagen, samt kva tiltak som kan settast inn ved eventuelle brot på reglane.

Skulereglane skal, på same måte som anna pedagogisk arbeid i skulen, fremje respekt, samarbeid, medverknad og eit godt skulemiljø.

Reglane skal bidra til at

- elevar viser engasjement og tek ansvar
- elevar får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda ved skulen
- elevane får oppfylt retten sin til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring

§ 2 Verkeområde

Skulereglane gjeld for Vestborg vidaregåande skule.

Skulereglane gjeld i skuletida når skulen har ansvar for elevane. Det vil seie i alle typar undervisningsrom, fellesrom og uteareal og når elevane har undervisning andre stader enn på skulens område, til dømes på ekskursjonar eller andre turar i regi av skulen. Uansett tid og stad gjeld skulereglane ved bruk av skulens digitale løysingar.

Skulereglane gjeld og utanfor skuletida, dersom elevane si åtferd er relevant for skulemiljøet. Dette kan til dømes vere situasjonar der elevar krenkjer andre elevar, og dette fører til at elevar ikkje har det trygt og godt på skulen.

§ 3 Organisering av skuledemokratiet

Skulen skal sørge for at elevane får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere skuleverksemda, mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skulereglar, jf. privatskulelova § 5A-4.

Ved skulen skal det vere eit elevråd.

Ein representant frå elevane har rett til å vere til stades på møter i styret for skulen. Representanten har her rett til å seie meininga si og få denne ført inn i protokollen. Ved behandling av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt, må elever under 18 år forlate styremøtet.

§ 4 Orden

Elevane skal:

- a) møte presis
- b) følge skulens reglar for melding av fråvær
- c) møte førebudde til opplæringa
- d) ha med nødvendig utstyr
- e) gjere arbeid til rett tid og halde fristar
- f) halde orden.

§ 5 Åtferd

Det er forventa at elevane følgjer med i timane utan å forstyrre undervisninga.

Elevane skal vise alminneleg god åtferd, mellom anna ved å:

- a) vere til stades i opplæringa (inkludert morgonsamlingar, turar, seminar,...)
- b) behandle medelevar, tilsette og andre dei møter i skulekvardagen med respekt uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering m.m.
- c) bidra til eit godt skulemiljø
- d) vise respekt for andre både i språkbruk og handling
- e) rette seg etter beskjeder frå dei tilsette ved skulen
- f) ta godt vare på skulebygningane, skulens inventar, lærebøker, undervisningsmateriell og andre eigendelar slik at dei ikkje blir utsette for øydeleggingar, hærverk eller unødvendig slitasje og forbruk
- g) følge dei til ei kvar tid gjeldande reglane for bruk av mobiltelefonar, datautstyr og digitalt utstyr på skulen
- h) følge skulens reglar for bruk av hjelpemiddel som datamaskiner og spesialutstyr
- i) følge andre reglar som er fastsette, til dømes i klasserommet, i gymsalen eller på uteområdet.
- h) følge trafikk- og parkeringsreglar

Åtferd som ikkje blir akseptert

- a) Mobbe eller på andre måtar krenkje andre.
- b) Utøve eller truge med fysisk vald.
- c) Fuske eller prøve å fuske.
- d) Ha med, oppbevare, bruke eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel.
- e) Ha med, oppbevare eller bruke tobakk/vape/snus.
- f) Ha med, oppbevare eller bruke farlege gjenstandar.

- g) Dele bilete, videoar eller lydfiler av andre elevar eller vaksne utan samtykke.
- h) Oppsøkje nettsider av rasistisk, pornografisk eller på annan måte krenkjande karakter på skulens digitale einingar og nettverk.
- i) Forstyrre undervisninga, til dømes med bruk av elektronisk utstyr.

§ 6. Tiltak ved brot på skulereglane

Skulen vil alltid først søkje å bruke dialog som hovudverktøy for å rettleie eleven og støtte elevens sosiale og emosjonelle utvikling.

Skulen følgjer ei trinnvis tilnærming ved behov for tiltak, i følgjande rekkjefølgje:

A. Rettleiing og åtvaring

- Ein munnleg samtale eller åtvaring blir gitt ved mindre brot på reglane, der eleven får rettleiing om kvifor handlinga var uheldig, og korleis ho kan forbetrast.

B. Skriftleg åtvaring og merknader

- Ved gjentekne eller meir alvorlege brot blir det gitt ei skriftleg åtvaring, og føresette til elevar under 18 år blir involverte. Vurdering av orden og åtferd med merknader blir starta opp.

C. Inndraging av gjenstandar m.m.

- Misbruk av mobiltelefon eller andre gjenstandar kan føre til at desse blir inndregne for ein avgrensa periode.
- Ved gjenteke misbruk av mobiltelefon kan skulen bestemme at eleven ikkje får lov til å ta med telefonen til skulen i ein bestemt periode.
- Ulovlege rusmiddel og ulovlege gjenstandar skal inndragast og overleverast til politiet. Straffbare forhold vil bli melde.

D. Tiltak ved alvorlege brot

- Ved alvorlege hendingar, som mobbing, vald eller trakassering, vil skulen setje i verk umiddelbare tiltak i tråd med handlingsplanen for eit trygt skulemiljø.

E. Bortvising

- Ved alvorlege brot på skulereglane kan bortvising vurderast i samsvar med privatskulelova § 3-10. Ein elev skal ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege. Føresette skal få beskjed ved bortvising av elev.
- Elevar kan visast bort i inntil fem dagar. Ved særleg alvorlege regelbrot kan ein elev i vidaregåande skule visast bort for resten av skuleåret.

- Rektor gjer vedtak om bortvising, men kan delegere til lærar(ar) å kunne vise bort ein elev i inntil to timar. Vedtak om bortvising for resten av skuleåret i vidaregåande skular skal fattast av elevens heimfylke.
- Vedtak om bortvising er enkeltvedtak etter forvaltningslova, og statsforvaltaren er klageinstans.

F. Skulebyte

Ved gjentekne alvorlege brot, eller dersom andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, kan skulebyte vurderast.

I saker om skulebyte er det, i samsvar med privatskulelova § 2-4, elevens heimkommune/heimfylke som fattar vedtak. Departementet er klageinstans for enkeltvedtak etter opplæringslova § 13-2 om skulebyte.

G. Politimelding

Ved svært alvorlege/straffbare hendingar kan saka meldast til politiet.

H. Erstatning

Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid for å rette opp skadar som eleven er ansvarleg for. Skade på skulen sin eigedom kan medføre erstatningsansvar etter skadeerstatningslova.

I. Nedsett karakter i orden og åtferd

Brot på skulereglane kan i tillegg få konsekvensar for orden- og åtferdskarakteren.

§ 7. Elevane sine rettar

Eleven har rett til å få opplæring i samsvar med privatskulelova og godkjent læreplan.

Elevens beste skal vere eit grunnleggjande omsyn ved handlingar og avgjerder som gjeld eleven, jf. privatskulelova § 5A-1.

Elevane har rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring, jf. privatskulelova § 2-4 som viser til opplæringslova kap. 12.

Elevane har rett til å bli høyrde og delta aktivt i utforminga av reglar og skulemiljø, jf. privatskulelova §§ 5A-2, 5A-4 og 5A-5.

§ 8. Elevane sine plikter

Det er fastsett i privatskulelova § 5A-6 at elevane skal vere aktive deltakarar i opplæringa og følgje skulereglane.

Elevane skal vise respekt og omsorg for medelever og alle dei tilsette ved skulen, og bidra til å skape eit inkluderande og trygt læringsmiljø.

Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skuletida (lekser).

§ 9. Akutte reaksjonar frå tilsette

Tilsette kan gripe inn fysisk for å hindre at ein elev:

- krenkjer ein person fysisk eller psykisk eller utset seg sjølv for fysisk fare
- skader eigendom
- viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv
- vesentleg forstyrrar opplæringa til andre elevar

Dette gjeld berre når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege.

Det fysiske inngrepet kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal ivaretakast. Handlingar som er allment aksepterte i samhandling mellom vaksne og barn som dei har omsorg for, skal ikkje reknast som fysiske inngrep etter privatskulelova § 3-10b.


Ein tilsett som har nytta fysiske inngrep som skildra ovanfor, skal melde frå om dette til dagleg leiar, jf. privatskulelova § 3-10c. Dagleg leiar skal melde frå til foreldra til eleven. Dersom det er nytta fysiske inngrep mot den same eleven fleire gonger, eller inngrepet er særleg alvorleg, skal dagleg leiar melde frå til styret for skulen.

Skulen skal dokumentere alle fysiske inngrep med ein kort omtale av hendinga og inngrepet som vart utført av tilsette, jf. privatskulelova § 3-10c. Dokumentasjonen skal også omfatte elevens syn på saka.

Vedteke av styret for Vestborg vgs AS 5.2.2026.

Trafikk- og parkeringsreglar for Vestborg vidaregåande skule

«Av omsyn til trafikktryggleiken på området, skal ein ikkje køyre unødig her. Bil, motorsykkel, moped/scooter, elsykkel og sykkel må parkerast på tilviste plassar.»



Trafikk

*Området er skilta med gjennomkøyring forbode.

*Det er ikkje lov til å køyre på gangvegane mellom Slogen, Skura og Roalden.

* For å få mininmalt med køyring på skuleområdet er der faste parkeringsområde for bilar.

*Døme på nødvendig køyring kan vere flyttelass. I det daglege skal bilane parkerast direkte på dei tilviste områda når ein kjem.

Parkering

*For elevar er det oppmerka parkering ved Roalden.

*Tilsette parkerer ved Slogen mot elva og ved Storfjorden.

*Gjestar som kjem på arrangement får parkere der det er ledige plassar.

*Du vert oppfordra til å rygge bilen på plass når du parkerer.